

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nørd-Hidle.

(adresse): Nord-Hidle, Ryfylke.

G.nr. 12 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Um bygdi her i det heile er å segja, at ho er samansett av fleire öyar som delvis ligg noko frå kvarandre, so samband er ikkje lett, og dette gjer at folk har verre for å koma saman. Dette vil og verka på musikklivet, då det trengs at folk kjem saman for å dyrka den med. Dertil kjem at folk her ikkje er sers musikalske, sansen for song er ikkje so stor, og Bruken av instrument er og liten.

Det fyrste eg kan minnst, det vil segja frå fyrstningi av 1880-åri, veit eg ikkje um meir enn ein som hadde fela, det var ein gamal mann, han døydde 1916, kring 80 år gl. Han var ikkje nokon sers dugande spelemann og spela berre til eigen hugnad litt no og då, at han spela i brudlaup eller lag höyrde eg aldri um. Sidan kom her unge som hadde kjøpt seg fela og brukte henne ei tid, no er det lite ho er i bruk, berre ein og annan. Det er tysk fela dei brukar, hardingfela er ikkje brukt her so vidt eg veit.

So var her nokre som fekk seg andre instrument, det fyrste var vel eit piano på ein velstandsgard, og sidan kom fleire. Og no er det ikkje sjeldan med orgel, utan at her er mange som spelar mykje og godt på dei.

Meir vanleg var det med trekkspel ei tid. Dei var billege og lette læra spela på, og den vanlege musikk til danselag var trekkspel. No tenkjer eg her er færre av dei med. Sidan er kome innnyare instrument som gitar, mandolin, harpeleik og slike, sume vert brukt i små musikklag dei skipar til utan at dei går a_nna ei kort stund.

Til bolc A.

Fela, tysk, kjend dei siste 70 år, um der var fela fyre den tid kan eg ikkje segjavisst, det er truleg. Mykje nytta har ho aldri vore. Dei einskilde deler av fela kan nemnast: kassen eller tröskjen, hal_sen, hovudet, strengjehaldar, hesten til å halda strengene uppe med, ljodpinnen i kassen, skruane til til å stilla strengene med, og felehus. Dette er dei vanlege namn. Strengene heitte: bass, ters, kvart og kvint. Bogen å stryka med på strengene. Fela kjøpt i byen, og frå byen kom alle musikkinstrument her. Eg kjenner ikkje til at nokon her i bygdi laga feler.

Felestrengene var kjøpte tarmstrenger, utan kvint n som kunde vera av metall, og kjøpt. Gitar, mandolin og harpeleik hadde og metalstrenger. Noko utpynting av fela var der ikkje, derimot kan der på gitarar vera innlagd perlemor anten som roser eller border. På sume andre instrument var og noko utpynting av ymse slag.

Fela var som nemnd tysk, kaltest stundom flatfela eller og dusingfela, men esse namni er truleg innførte. Harding-

fela kjend av namn men ikkje i bruk. Nykkelharpa og vanleg harpa ukjend her. Likeso langleik. Humle eller hummel og framandt her. Salmodikon brukt av gamle lærarar. Like til ut i 1890-åri vart der ytt pengar til kjøp av salmodikon åt ein lærar i bygdi. No er dei ukjende.

Ropar og lur ukjende her, utan det måtte vera at fiskarar kjende roparen, eller sjöfolk. Ein mann frå Hjelmeland, vel 80 år, hadde høyrt gjeti lur men aldri set, han trudde helst den var av tre.

Bukkehorn har eg set her på öyi ein gang, då eg var liten, ein gut hadde eit med eit par fingerhol på. Den gamle mannen frå Hjelmeland fortalde han brukte bukkehorn som liten då han gjette. Dei tok store bukkehorn og let dei liggja til til slöo inni rotna burtso veggen inni vart glatt og rein - mannen brukte ordet "slöa" - eit ord eg ikkje har høyrt her - um mergen i horni. - So saga dei av ytste tuppen og bora med ei liten navar, mest som ein stor rive- navar, hol til å blåsa i. Fingerhol laga dei so, 2 eller 3 og dei kunde fingra på desse og laga tonar, helst til moro for dei som gjette. Dei kunde og laga einfelde musikkstykke på dei. Bukkehorni vart ikkje brukte til å skræma eller lokka dyr med, derimot vart luren bruka til å skræma bjön med, fortalde han. At dei på bukkehorn dekka noko av opningi med handi, kjende han ikkje til.

Flöyta kunde dei laga seg av selja, den kunde vera lang med fleire fingerhol, diverre var slike flöyter lite varege. Mindre seljepipter laga dei, helst berre ei opning, stundom laga dei og finerhol på, eit eller to. Halpipta av halmst^uå, eit stutt stykke frå eit kne, laga dei og bles på, det var um ^{hais} hais ten når dei skar kornet. Dei snakka um at dei lokka til regn ved å blåsa på dei.

Sjöflöyta og tverrpipa ukjende her. Likeso sekkepipa. Munnharpa visse den gamle mannen frå Hjelmeland å ha set. Der var ein streng i midten, som dei bles på, og dei heldt henne i munnen. Spikerfela er heller ikkje kjend. Erumma kjend berre frå eksermoen og av umtale. Munnspel mykje brukt av småborn ei tid, no er her lite og inkje av dei.

Eit leikety borni sette pris på var Sandnes-gauk. Det var ein "gauk" laga av leir med eit par l^ujdol dei kunde fingra på, og blåsa gjenom tuten. No har eg ikkje set dei på lang tid, men dei er gjerne i bruk enno.

Merra-sk^uarpa har eg høyrt gjeti, men ikkje i bruk her. Heller ikkje andre instrument å skræma dyr eller fuglar.

I denne bygdi har ikkje butt nokon embetsfolk dei XX siste 200 år. Byinstrumenti kom inn frå byane, men ikkje so mange; det er piano, orgel, gitar, mandolin, harpleik, trekkspel m. a. Massinginstrument ikkje brukt her.

Dei nye instr^umenti kom med nye musikkstykke, for til kvart høyrdde viss musikk. Nokon gamal slått som er sers for bygdi kjenner eg ikkje til.

At einkan laga l^ujd ved å blåsa i henden er kjent, sume kan og laga l^ujd ved å setja ein eller to fingrar i munnen X og blåsa. Andre lagar l^ujd ved å setja eit tunt blad millom tomolfingrane og blåsa. Neverspel ukjent, likeso eolsharpa, klokkespel, triangel, ~~de~~ treplater o l.

Gamle instrument eller luter av slike kjenner eg ikkje til frå denne bygdi.